



Patrik Halsteindal Aase  
Orresteinen 32  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3289 - 22/96852

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
20.12.2022

## Avslag på søknad om ferdigattest - gbnr 195/77 Leiknes

### Administrativt vedtak.

**Saknr:** 1449/22

### Tiltakshavar:

Patrik Halsteindal Aase

### Ansvarleg søkjar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS

### Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak [med ansvarsrett]

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova §21-10 jf. byggesaksforskrifta §8-1, vert søknad om ferdigattest for bruksendring frå fritidsbustad til bustad på gbnr.195/77 avslått. Grunngeving av vedtak går fram av saksutgreiing.**

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Arkitektkontoret Børstveit og Carlsen AS har søkt ferdigattest for bruksendring frå fritidsbustad til bustad på gbnr.195/77 den 28.11.2022.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Lindås sin arealdel er definert som fritidsbustad. Tiltak ligg i gul støysone, H220. Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA og maksimalt 150 m2 BRA for fritidsbustad.

#### VURDERING

Kommunen har kontrollert søknad, og finn at søknad ikkje oppfyller krav til ferdigattest jf. pbl.§21-10.

Det er i byggesøknad søkt fritak frå byggteknisk forskrift (TEK17). Det er ikkje gjeve fritak frå minstekrav til U-verdi for vindauge og ytterdør jf. TEK17 §14-3.

Det er i søknad om ferdigattest presisert at tiltak ikkje oppfyller TEK17 §14-3 minstekrav til U-verdi og ytterdør. Det er vidare vist til at overordna mål med kapittel 14 er å spare miljøet for unødvendig energiforbruk og å redusere klimagassutslepp. Sluttvis er det vist til at om lag halve levetida til vindauge er brukt opp, og at dagens vindauge har ein U-verdi på om lag 1,8 W/m<sup>2</sup>K.

Kommunen viser her til løyve datert 26.10.2022. Det er gjort ei vurdering av fritak frå TEK17 i dette løyvet. Ferdigattest er kommunen si avslutting på sakshandsaminga, og dermed ei stadfesting på at tiltak er utført i samsvar med løyve etter plan- og bygningslova. For å få ferdigattest på tiltak, må tiltak dermed vere utført i samsvar med løyve, jf. pbl.§21-10 og SAK10 §8-1.

Tiltak er ikkje utført i samsvar med løyve datert 26.10.2022. Det er ikkje grunnlag for å gje ferdigattest. Søknad om ferdigattest vert avslått.

Det må sendast inn ny søknad om ferdigattest når tiltak er i samsvar med løyvet datert 26.10.2022.

#### **Regelverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova §21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl.§20-1 bokstav d)

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3289**

Med vennleg helsing

Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Patrik Halsteindal Aase	Orrestein 32	5916	ISDALSTØ